

# Bompengar på Kvamskogen?

Hardanger Folkeblad  
09.05.2003

Ein bomstasjon i Eikedalen skal gje betre vegar i Kvam.

SIGBJORN LINGA

Kort fortald er dette innhaldet i den nye vegplanen for Kvam. Planen rommar framlegg til prioritering og finansiering av betre vegar i kommunen. Heradsstyret handsamar han tysdag.


## Prinsippak

Prioriteringa av parsellane som skal utbetrast, vil nok skapa debatt. Likevel er det truleg om bompengane det største slaget vil stå.

Arbeidsgruppa bak planen foreslår primært bom i Eikedalen. Gjennomgangstrafikk på riksveg 7, trafikk frå Kvam til Bergen og hyttetraffic til Kvamskogen må passera.

Alternativt kan bommen plasserast i Samnanger kommune for å fanga opp trafikk på riksveg 48. Uansett skal administrasjonen samarbeida med Samnanger og Fusa om bompengordninga, foreslår arbeidsgruppa.

Gruppa meiner det er viktig å innføra bompengane på same tid som Voss kommune



får bompengering – i 2005. Det vil likestilla bilistar som skal velja veg. Dessutan vil alpinanlegget i Eikedalen få same konkurransevilkår som anlegga på Voss.

Prisen for passering kan verta 20 kroner. Den årlege inntekta er rekna til 17 millionar kroner. Gruppa vil ha bommen i 15 år, noko som kan gje 240 millionar kroner.

## Ei rekkje prosjekt

Men Kvam herad vantar ikkje noko å bruka fantasipengane på. Arbeidsgruppa har sett opp prioriteringslister over store prosjekt, mindre prosjekt og trafikkisikrings- og sykkelvegprosjekt

(sjå boksane under). Ingmar Ølmheim i vegvesenet har rekna i kroner og øre.

Øvst av store prosjekt ligg strekninga Kolltveit-Tørvikbygd. Prisen for utbetring av dei 5,4 kilometrane er optimistisk rekna til 110 millionar kroner. Deretter følgjer to prosjekt i sentrale strok: Tunnelar mellom Nes og Øystese og Øystese og Laupsa.

Mellom dei mindre prosjekta finn me mange strekingar aust for Øystese. Sommarflaskehalsen mellom brua i Fyksesundet og avkøyrsla til Fykse er prioritert fyrst. Prisen er 1,5 millionar kroner for 150 meter. Deretter følgjer smale parti i Steinstøber-

get og ved bostippen i Ålvik.

Åtte trafikkisikrings- og gang- og sykkelvegprosjekt er med. Øvst tronar strekningane Skjelbreid-Hardanger Fartøyvernseier og Tolo-Nes.

## Kvammapakken

Arbeidsgruppa har sydd saman ei investeringsliste med namnet Kvammapakken. Totalt 530 millionar kroner skal brukast på vegar dei neste 15 åra. Øvst på denne lista ligg gang- og sykkelveg på Kvamskogen til 30 millionar. Så følgjer Tørvikbygd-Kolltveit, tunnel Nes-Øystese og tunnel Øystese-Laupsa. Dei siste 233 millionar kronene skal gå til dei åtte siste store

Den nye vegplanen for Kvam rommar framlegg om å setja opp bomstasjon i Eikedalen. Passeringsprisen vert 20 kroner. Det skal gje 240 millionar kroner i inntekt på 15 år. Pengane skal gå til ei rekkje vegprosjekt i Kvam.

prosjekta og til utbetring av strekninga frå Fyksesundsbrua til Fyksesundsvegen.

240 millionar kroner kjem frå den omtala bomstasjonen. Gruppa reknar med 200 millionar statlege kroner, 80 millionar frå diverse sekkepostar til riksveg og 10 millionar kroner i lokal finansiering.

## Ikkje godt nok

Planen slår fast at Kvam har dei dårlegaste vegane i Hardanger, og at dei ikkje stettar transportbehova. Dessutan skjer for mange ulukker i Kvam. Ingen vegprosjekt i kommunen er å finna i Nasjonal Transportplan.

Arbeidsgruppa ser fleire positive konsekvensar av betre vegar:

- Færre ulukker.
- Betre transportvilkår for næringslivet.
- Kortare og tryggare arbeidskjøring.

# – Kvifor skal me betala for kvemmingane?

SIGBJORN LINGA

– Dersom Kvam herad vil plassera bomstasjonen kor som helst – kvifor ikkje like godt plassera han i Sandvika utanfor Oslo? Nedbetalingstida er minimal, og korkje kvemmingar eller bergensarar vert plaga med avgifta. For å forsvara plasseringa, kan kommunen berre leggja eit fortau der etterpå?

Formann Erik Bjerring Hansen (biletet) i Kvamskogen Vel har kjempa mot bompengar på Kvamskogen før. Argument har han nok av, meiner han. Det viktigaste er at det skal vera ein samanheng mellom plasseringa av bomstasjonen investeringane.

– Ein kan ikkje leggja bomstasjonen kor som helst. Eg reagerer på at det skal investerast 500 millionar kroner i vegprosjekt sentralt i Kvam. Kvamskogen-folk får kasta etter seg ein gang- og sykkelveg for 30 millionar kroner, fem prosent av Kvammapakken, som skal forsvara at Kvam herad legg bommen i Eikedalen, seier Bjerring Hansen.

Ifølgje vegplanen har Kvamskogen ein årsdognstrafikk (ÅDT) på 2.400. Mellom Øystese og Norheimsund var ÅDT 3.739 i 1999.


– Kvifor krev ein ikkje inn bompengar der? Det vil gje kortare avgiftsperiode, og kvemmingane må betala for vegar dei sjølv bruker. Det er

urimeleg at tilfeldig gjennomreisande og bergensarar skal finansiera prosjekta.

Han undrast også om Samnanger kommune, som husar Eikedalen skisenter, vil godta ein bom som kan redusera inntektene frå skisenteret.

Bjerring Hansen seier Kvam herad tidlegare har lagt stor vekt på å definera Kvamskogen som eit eige avgiftsområde. Då er det rart Kvamskogen-brukarane plutselig skal betala for vegprosjekt andre stader, meiner han.

– Ein eventuell bom i Eikedalen må berre finansiera prosjekt på Kvamskogen, seier Bjerring Hansen.



Erik Bjerring Hansen i Kvamskogen Vel (arkivfoto: Olav Bjørkum).

# – Ingen veg utanom bompengordning

SIGBJORN LINGA

– Me må skaffa pengar for å koma nokon veg, sjølv om ingen ynskjer bompengar. Staten har pengar, men prioriterer ikkje samferdsle, seier ordførar Martin Vik (Sp).

Kvam herad har drøfta ei plassering av bomstasjonen i Trengereid med vegkontoret.

Attmeldinga er at innkrevjinga skal skje nær tiltaka som skal finansierast. Samnanger kommune seier det kan vera aktuelt å godta stasjon i Eikedalen om pengane også går til opprusting også på Samnanger-sida av Kvamskogen.

Ordføraren seier poenget med plasseringa er å gje same vilkår anten ein køyrer om

riksveg 48 og Folgefonntunnelen, Kvamskogen eller Voss.

Vik seier Kvamskogen er ein del av Kvam, og at 30 millionar vil gjea mykje for trafikktryggleiken der. Han meiner det er håpløst å plassera bomstasjonen mellom Norheimsund og Øystese.

– Me vil knyta bygdene tettare saman, ikkje skilja dei,

seier Vik, og gjentek at pengane skal brukast på prosjekt i heile kommunen.

Ingen av partia i utviklingskomiteen protesterte på resonnetet førre veke. Men alle var samde om at bompengar er ein uting.

Oddvar Soldal (SV) ser helst at bomstasjonen vert plassert for rundkjøringa i

Trengereid, og at Kvam samarbeider med fleire kommunar om innkrevjinga.

– Det er tull å krevja inn pengar fleire stader, sa han.

Prioriteringane i planen vart tilrådde. Etter framlegg frå Egil Auganes krev dei folkevalde dessutan auka innsats på riksveg 49 så snart Jondalstunnelen er finansiert.

# Satsar på bompengar i Kvam

Hardanger Folkeblad  
16. mai 2003

Politikarane satsar på bompengar for å utbetra vegane i Kvam.

SIGBJØRN LINGA

Berre Arbeidarpartiet og Framstegspartiet gjekk mot bompengefinansiering då heradsstyret handsama vegplanen for Kvam tysdag. Samstundes støtta partia prioriteringane i planen. Det lokka fram sarkasmen i Oddvar Brakestad (H).

## Nyttig

– Planen har ingenting for seg utan finansiering. Kjenner Arbeidarpartiet til nymotens ordningar som gjev finansiering i ein fart?

– Ein heilskapleg plan med prioriteringar er nyttig når me skal pressa på fylket og staten, svarte Astrid Selsvold (Ap).

Ifølgje Dagfinn Vik vil bompengar i Eikedalen råka mange bilistar som ikkje nyttar seg av vegane i Kvam.

– Dei betalande må bruka strekningane dei betaler for. Difor går me mot, sa Vik.

## Naudsynt onde

Fleire framheva at bompengar

er eit naudsynt onde.

– Tenk på kva bompengar kan realisera for næringslivet og innbyggjarane. Eg tek med glede opp kampen mot hytteeigarane på Kvamskogen, sa Lars R. Djupevåg (V).

Oddvar Soldal (SV) meiner framleis bomstasjonen bør stå på stamvegen og vera resultat av eit samarbeid mellom fleire kommunar. Berre partifelle Hildegunn Aksnes var samd i det. Ordførar Martin Vik minna om at vegkontoret krev nærleik mellom stasjonen og parsellane pengane går til.

– Me er nøydde til å visa vilje til å finna pengar sjølve for å få pengar frå andre, konkluderte ordførar Martin Vik (Sp).

Vegplanen, omtala i HF førre veke, rommar prioriteringslister for parsellar som bør utbetrast i Kvam (sjå bok-sane). Den såkalla Kvamma-pakken er ei investeringsliste. 530 millionar kroner skal brukast på kvammavegane på 15 år. 240 millionar kjem frå bompengar.

## Store prosjekt

Dei 11 prioriterte, store vegprosjekta i prioritert rekkjefølgje. I parentes står lengda i kilometer og den venta prisen. Totalkostnaden er 421 millionar kroner for vel 22 kilometer veg.

1. Kolltveit-Tørvikbygd (5,4 km – 110 millionar)
2. Tunnel Nes-Øystese (1,4 km - 77 millionar)
3. Tunnel Øystese-Laupsa (1,6 km - 80 millionar)
4. Linga-Vetle-Linga (1,3 km - 32 millionar)
5. Midtun-Kjepso (1 km - 12 millionar)
6. Tveit-Vikøy (2,1 km - 31 millionar)
7. Kolltveit - Røyrvik (1,5 km - 18 millionar)
8. Klubbavik-hotellet (0,9 km - 13 millionar)
9. Tangerås-Risa (0,7 km - 7 millionar)
10. Dysvik - Nybru (3,8 km - 57 millionar)
11. Neskrysset-Mundheim (1 km - 16 millionar)

## Mindre prosjekt

Ni mindre prosjekt er prioritert. Samla pris er 20 millionar kroner for 2,6 kilometer veg.

1. Fykkesundet-Fykkesundvegen (150 m - 1,5 millionar)
2. Steinstøberget (274 m - 5 millionar)
3. Bostippen (115 m - 3 millionar)
4. Skjæring ved Bakka (304 m - 1 million)
5. Brua i Ytre Ålvik (1 million)
6. Frå brua i Ytre Ålvik til Tveit (1,2 km - 2 millionar)
7. Rykkje-Bjelkanes (291 meter - 2,5 millionar)
8. Steinstø (192 meter - 2 millionar)
9. Mundheim sentrum (2 millionar)

## Andre prosjekt

Trafikksikrings-, gang- og sykkelvegprosjekta i prioritert rekkjefølgje. I parentes lengd og pris. Totalt 74 millionar kroner for 13,6 kilometer veg.

1. Skjelbreid-Fartøyvernserveret (122 m - 1 million)
2. Tolo-Nes (2,6 kilometer - 16 millionar)
3. Ålvik sentrum (tettstadprosjekt) (1 km - 7 millionar)
4. Oma sentrum (400 m - 4 millionar)
5. Ådland-Lidarende g/s (279 m - 2 millionar)
6. Vikedal-Ålvik g/s (696 m - 6 millionar)
7. HSD-Tveitkrysset (500 meter - 8 millionar)
8. Kvamskogen g/s (8 km - 30 millionar)

# - Heller lågare fart enn gang- og sykkelveg

Hardanger  
Folkeblad

20. mai 2003

Gang- og sykkelveg er feil tiltak for å betra trafikktryggleiken på Kvamskogen, hevdar Kvamskogen Vel.

SIGBJØRN LINGA

Leiar Erik Bjerring Hansen er skeptisk til at ei slik løysing er vegen å gå. Han er usikker på korleis ein slik veg vil fungera.

- Han må truleg liggja nær riksvegen. Skal han brukast om vinteren, må han brøytast regelmessig, og det krev ressursar. Eg er også redd brøytebilane på riksvegen vil brøyta snø over gang- og sykkelvegen, seier han.

## To tiltak

Bjerring Hansen har følgjande to framlegg til korleis tryggleiken kan betrast:

1. Fartsreduksjon, anten permanent eller avgrensa til periodar med stor trafikk i vinterhalvåret.

2. Kvam herad gjennom Kvamskogen grunneigarsamskipnad finansierer ei skiløype som går langs riksvegen.

Kvamskogen Vel har bede Hordaland vegkontor om nedsett fartsgrense på Kvamskogen. Vegkontoret svarte i februar i fjor at strekninga vil verta vurdert. Registreringar og fartsmålingar kan verta gjennomført, før Samnanger og Kvam kommunar og politimeisteren eventuelt får saka

til uttale.

Vegkontoret opplyser at alle fartsgrensesaker tek lang tid å handsama fordi mange ber om lågare fartsgrense.

## - Spøk?

HF skreiv fredag at fleirtalet av politikarane vil setja opp bomstasjon i Eikedalen. På 15 år skal trafikantar betala 240 millionar kroner i bompengar. 30 millionar av ein total investeringspakke på 530 millionar kroner skal brukast på gang- og sykkelveg på Kvamskogen. Resten går til tiltak i resten av Kvam.

Kvamskogen Vel meiner Kvam herad går for langt om stasjonen vert plassert slik at brukarane av Kvamskogen finansierer vegtiltak for kvemmingane.

- Då eg hørde om dette fyrste gong, trudde eg det var ein spøk, seier Erik Bjerring Hansen. Og slår sjølv ein av same slaget:

- Politikarane i Bergen kan kanskje setja på ein bomstasjon mellom Norheimsund og Øystese for å finansiera bergensprogrammet? Me tek sjølv sagt med eit fortau i Norheimsund, slik at plasseringa kan forsvarast.